Spel på nynorsk
Side 10

Barneblad-Nana takkar av
Side 12

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN NUMMER 4/2025

KRINGOM

– Språket er det viktigaste verktøyet du har som journalist. Det gjeld ikkje berre skriftleg, men minst like mykje på tv, seier **Arill Riise**.

SIDE 6

Foto: Jan-Petter Dahl / TV 2

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGS-RINGEN

BLADSTYRAR
Aksel Torsnes Mehlum

PRODUKSJON
Fonna Forlag

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk, og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida og via kontonummer 3480 17 48343 eller Vipps-nummer 515993. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 350 kroner. Medlemer under 30 år betaler 200 kroner.

BLI MED!

INNHALD

3 Leiar
4 Nytt
6 Intervju: Arill Riise
10 Nytt nynorskspel
12 Intervju: Nana Rise-Lynum
16 Lagsnytt
17 Reprise
18 Kviss og kryssord

KRING-
KAST-
NGS-
RINGEN

JÓGVAN HELGE GARDAR
styreleiar

Stadig nye kampar

Foto:Vemund Knudsen

DEI SISTE ÅRA har NRK klart kravet om 25 prosent nynorsk på dei fleste flatene sine. Nynorsken vinn fram i fleire av dei tidlegare så fiendslege hovudstadsavisene, med markante nynorskskrivande i til dømes VG, Morgenbladet og Aftenposten. I bokbransjen har tala aldri vore høge totalt sett (rundt 7 prosent dei siste åra), men blant dei gode bøkene, til dømes dei som vinn prisar, er nynorsken alltid godt representert.

INNSATS FRÅ MÅLRØRSLA i mange tiår har ført til høgare toleranse for nynorsk i ein del viktige hjørne av medielandskapet, og gjeve desse sigrane som lenge var langt frå sjølvsagde. Det er framleis mykje å hente, og det finst enno nynorsknekt og dialektmotstand i dei tradisjonelle media. Og sjølv om mykje er vunne, er det meir og meir som er mogleg å tape.

MEN I 2025 er Medie-Noreg langt meir enn dei tradisjonelle media. Kvart år kjem ny teknologi, nye aktørar og nye måtar å produsere innhald på. Og i dei nye media står det mykje verre til. Det ligg i strukturane i medie- og teknologiverda at dei små språka alltid må ta kampane på nytt. For kvar nye flate som kjem, er det som om dei små språka rykkjer tilbake til start og må kjempe på nytt for dei sigrane som alt er vunne på dei gamle – og når halvparten av internett er på engelsk, er mest alle språk små.

I ÅR HAR KRINGOM retta søkjelys mot Netflix og filmbransjen, der nynorsken er så godt som usynleg, og mot den urovekkjande engelskauken i kvardagen til dei fleste nordmenn, særleg borna. I denne utgåva kan du lese om Erlend og Kay Arne Kirkebø frå Førde, som står bak eit av dei fåe dataspela som finst på nynorsk. I tida framover treng me fleire som Kirkebø-brørne, som ser verdien i at også dei nye media tek nynorsken i bruk, om det så gjeld spel, strøyming, podkast eller vertikale videoar.

SMÅNYTT

Det kvenske salmeheftet som sakte-tv?

Ei arbeidsgruppe i Nord-Hålogaland bispedømme meiner Den norske kyrkja må gjere meir for å løfte kvensk tradisjon. Gruppa ønskjer å setje i gang eit større samarbeidsprosjekt med «Kvenske salmar minutt for minutt».

– Det hadde vore stas å få til, seier kantorane **Annimari Pelli** og **Kristian Paulsen** ved Ullsfjord og Grønnåsen kyrkjer til NRK.

I 2014 gjennomførte Den norske kyrkja eit samarbeid med NRK, der heile den norske salmeboka vart sungen frå perm til perm i løpet av 60 timar.

Arbeidsgruppa ønskjer ei tilsvarande satsing på det kvenske salmeheftet «Kvääninvirsihäfti».

Heftet vart gitt ut i 2022 av Nord-Hålogaland bispedømmeråd og inneheld 49 tradisjonelle salmar og åndelege songar på kvensk.

Programredaktør Tone Lein stadfestar at dei har fått ein e-post frå prosjektgruppa. NRK har enno ikkje sett nærare på prosjektet, men vil komme tilbake til prosjektgruppa med ein respons seinare. (NPK)

Rekordmange vil lære seg å b

Heile 61 skodespelarar ønskjer å ta etter-utdanning i nynorsk og dialektar på Teater Vestland.

– Det viser at vi fyller eit behov i bransjen. Nynorsk scenespråksenter er ei suksess-historie frå dag éin, seier **Synne Solberg**, avdelingsleiar ved Nynorsk scenespråksenter, i ei pressemelding.

Søknadsfristen til vårkullet 2026 har gått ut, og pågangen har vore stor. Profesjonelle skodespelarar frå heile landet har søkt seg til Førde og Nynorsk scenespråksenter ved Teater Vestland.

Heile 61 skodespelarar ønskjer å ta etterutdanning i nynorsk og dialektar på Teater Vestland. Foto: Jostein Vedvik / Vedvik Photography

Kreativt Europa lyser ut midlar

Det er no opna tre nye utlysingar innanfor EU-programmet Kreativt Europa, med mål om å styrkje journalistikk, mediemangfald og mediekunnskap i Europa. Ordningane gir økonomisk støtte til samarbeid og partnarskap på tvers av landegrenser, og norske aktørar blir oppmoda til å søkje. Utlysingane gjeld «partnarskap for journalistikk», «partnarskap for journalistikk – mangfald» og «mediekunnskap» og har søknadsfristar i februar og mars.

Partnarskapa for journalistikk rettar seg mot prosjekt som fremjar pressefridom, kvalitetsjournalistikk og medieforståing, og dessutan tiltak som styrkjer lokale og undersøkjande medium. Programmet for mediekunnskap gir støtte til initiativ som bidreg til auka kritisk medieforståing i alle aldersgrupper. Totalt er det sett av nærare 17 millionar euro til utlysingane i år, med støttedel på opptil 90 prosent av prosjektkostnadene. (Medietilsynet)

ruke nynorsk på scene og film

– Vi er svært nøgde med søkjartalet. Det viser at stadig fleire scenekunstnarar ønskjer å arbeide bevisst med nynorsk i sitt kunstnarlege uttrykk, seier avdelingsleiaren.

Nynorsk scenespråksenter held til i Førde og er eit nasjonalt senter for dialekt og nynorsk som scenespråk, som arbeider for å styrkje nynorsk som kunst- og scenespråk. Etterutdanninga tek inn to kull med fire skodespelarar kvar i året, og dei gjennomfører eit 14 veker langt kurs i dialekt- og språkovergang. (NPK)

44 millionar til samiske aviser

Medietilsynet har fordelt nær 44,4 millionar kroner i støtte til samiske aviser i 2025. Dei største mottakarane er dagsavisene Ávvir og Ságat, som får høvesvis 24,6 og 18 millionar. I tillegg får lokalavisene Snåsningen og NordSalten Avis støtte til samiske innstikk, medan Meråkerposten for fyrste gong får støtte til samiske sider. Føremålet med støtteordninga er å styrkje samisk språk og kultur og bidra til demokratisk debatt, meiningsdanning og språkutvikling i det samiske samfunnet. (Medietilsynet)

Arill Riise vart overraska av kollegaene då han gjekk av med pensjon 20. november. Foto: privat.

– Nynorsken er ein fantastisk reiskap som nyheitsspråk

Arill Riise har vore journalist i over 40 år, sidan 2006 som eit kjært fjes – og ei kjær røyst – i TV 2. No gler han seg mest til å styre si eiga tid.

– Eg kjem definitivt ikkje til å sakne turnusarbeid eller vekkjarklokke på halv fem!

Kringom får ein prat med Arill Riise på hans aller første dag som pensjonist, dagen etter at han har vorte markert og heidra både på og utanfor skjermen. Humøret er prima:

– Eg har fleire prosjekt som eg gler meg til å få meir tid til. Til dømes trivst eg godt som møte- og debattleiar, og dessutan er det bokskriving på gang, fortel han.

Litt meir tid i stova kan òg bli ekstra bra framover:

– Det første eg gjorde i dag, var å kjøpe ny tv! Her blir det «blakk veke» no, ler den nybakte pensjonisten.

HEKTISK NYHEITSLIV

Riise fortel at kvardagen som nyheitsjournalist har endra seg:

– Før hadde vi to sendingar kvar kveld: Dagsreyen og Kveldsnytt i NRK og 18.30- og 21-nyheitene i TV 2. No er det fleire faste sendingar, og vi må dessutan vere førebudde på direktesendingar på kort varsel når ting skjer.

Samstundes er økonomien meir krevjande enn i gullalderen:

– Vi har opplevd mange kutt i redaksjonen. For ein kommersiell kanal er det vanskeleg å finne ein trygg og stabil innteningsbase i dag, held Riise fram.

Men det redaksjonelle miljøet i TV 2 er heilt unikt:

– Vi har kultur for å dyrke kunnskap, men vi må òg ha evne til å snu oss raskt. Denne kombinasjonen kjenneteiknar staben i TV 2, understrekar han.

DEN STØRSTE SKILNADEN ER RESSURSANE

Sjølv om dei fleste nok tenkjer på Arill Riise som TV 2-mann, har han ei lang fortid i NRK. Han trekkjer fram rammevilkåra som viktigast når vi ber han peike på skilnader mellom dei to institusjonane:

– Det er monaleg stabile rammevilkår i NRK. Ressurssituasjonen er meir krevjande og ustabil for dei kommersielle. Men det krev at vi har dei aller beste folka, og eg har sett pris på flinke kollegaer og god opplæringskultur i TV 2, seier han stolt.

Med ein knapp ressurssituasjon kan det fort bli både gjennomtrekk og vikarbruk. Då er det særleg viktig å dele kunnskap:

– Det høyrest mest for gale ut, men har du vore i TV 2 nokre veker, må du vere budd på å lære opp ein endå ferskare kollega, fortel Riise.

RAUS KOLLEGA

Og Riise har trivest godt i fadderrolla sjølv. Kollegaene trekkjer gjerne fram kor raus han er med dei:

– Det er hyggjeleg å høyre. Eg har prøvd å få nye kollegaer til å kjenne seg velkomne og verdsette. Det var ein annan kultur for slikt då eg var ung journalist sjølv. I Dagsrevyen i 80- og 90-åra var nok ein del litt høge på seg sjølve – og det er jo ikkje rart med tanke på den posisjonen NRK og NRK-fjes har hatt i folket gjennom tiår, seier han.

Men det var først og fremst mykje å lære:

– Mange av dei eg vart kjend med, er jo legender i norsk mediehistorie. Sjølv om tonen kunne vere røff den gongen og nokre sjølvbilete iblant kunne hatt godt av å bli justerte litt, var det ei lærerik tid eg ikkje ville vore forutan, understrekar Riise.

Han innrømmer at sjølv han kunne bli litt høg på seg sjølv då målet om å arbeide i Dagsrevyen var nådd. Men veteranane lét han ikkje kvile på laurbæra:

– I Dagsrevyen måtte alle pent gjennom den same skjærselden som dei gamle hadde måtta i si tid. Det var berre slik det var. Kanskje det har gjort at eg har vore oppteken av å ta vare på nye kollegaer, undrar han.

EIN STRENG SJEF PÅ SPRÅKOMRÅDET

Sunnmøringen Arill Riise er kringkastingsprisvinnar og kjend for trygg og god nynorsk. Då han fekk prisen i 2016, sa han at han tykte det fungerte godt utan noko handfast nynorskkrav i TV 2, til skilnad frå prosentreglane i NRK, og at TV 2 var kjenneteikna av ein raus språkpolitikk som spegla heile folket. Ni år etter er han ikkje like sikker:

– I TV 2 er det ei sjefsavgjerd kva ein skal satse på, og korleis ein skal odle språket. Vi har snakka mykje om å skape språkleg medvit i TV 2, men er samstundes prega av nedskalering og kutt. Ideelt sett burde språk vore ein større del av startpakka for ferske

– Språket er det viktigaste verktøyet du har som journalist. Det gjeld ikkje berre skriftleg, men minst like mykje på tv, seier Arill Riise.
Foto: Jan-Petter Dahl / TV 2

journalistar. Eg hadde nok vore strengare om eg hadde vore sjef sjølv, og oppmoda fleire til å dyrke det normerte språket, seier han.

Men TV 2 har ein viktig fordel:

– Heldigvis ligg TV 2 i Bergen, og det gjev oss tilgang på mange gode dialekt- og nynorskfolk. Vi har mykje å vere stolte av, mellom anna fleire flinke utanriksjournalistar som nyttar nynorsk, held Riise fram.

Han trur at noko av det gode språkarbeidet har gått litt under radaren hjå mange i «kultureliten»:

– Mange med hjarte for godt språk har ikkje vore merksame på all nynorsken i TV 2, rett og slett fordi dei mest aldri ser på TV 2.

DET NORMERTE SPRÅKET

Riise brenn for godt og lettfatteleg språk i nyheitsjournalistikken:

– Språket er det viktigaste verktøyet du har som journalist. Det gjeld ikkje berre skriftleg, men minst like mykje på tv.

Han er ein tydeleg forkjempar for normert språk – nynorsk eller bokmål – i nyheitssendingar:

– Attmed det kjende argumentet om at dialektbruk i nyheitsformidling kan skape sperrer og frustrasjon hjå publikum, gjer det journalisten skjerpa å måtte halde seg til eit normert språk. Kort sagt handlar det om å bli forstått, og då er det normerte språket det beste verktøyet, seier han med ettertrykk.

Som fersk prisvinnar for ni år sidan understreka Riise at ein aldri blir utlært som språkbrukar. Det meiner han enno:

– Eg håpar at mitt eige språk har vorte endå meir aktivt og direkte dei siste åra. Tilfanget av tekstar frå styresmakter og bedrifter er diverre meir omstendeleg og substantivtungt, og det krev at vi som journalistar må arbeide endå meir med å bryte innhaldet ned til noko publikum skjønner.

Og ingenting er meir aktivt og direkte enn nynorsk:

– Nynorsken er ein fantastisk reiskap som nyheitsspråk. I heile yrkeskarrieren min har eg fått bruke nynorsk, og det er eg særs takksam for. Ja, det kjennest rikt! fortel han.

STANDUP OG ISBADING

Språkkjensla får han nok god bruk for når han skal i gang med ein av fleire pensjonistplanar. Arill Riise er nemleg standupkomikar på si:

– Eg har drive ein del med standup for bedrifter og lag tidlegare, og her nyleg var eg med på standuparrangementet «Tulljfliren» på Stranda. Dette er noko eg gjerne tek opp att som pensjonist, seier han.

Men aller først har kona kalla han inn til isbading:

– Det er absolutt ikkje ein aktivitet eg set pris på, men ho synest kanskje eg treng det for å ikkje bli altfor høg på meg sjølv!

AKSEL TORSNES MEHLUM

DATASPEL

Skjermdump frå spelet «Skogdal»

Å spela korta sine godt

Spelet «Skogdal» kombinerer kunst, kortspel og nynorsk – med inspirasjon frå bygdeliv på 90-talet.

Våren 2025 vart «Skogdal», eit samarbeidsprosjekt mellom to brør frå Førde, lansert. Kay Arne Kirkebø er utdanna biletkunstnar og har handteikna spelet. Broren Erlend er spelprogrammerar og står for spelutviklinga.

NYNORSK OG 90-TALET

Universet i «Skogdal» er i svart-kvitt. Skogdal er ein litt dyster tettstad, laust inspirert av Førde, der brørne voks opp på 90-talet. Spelet er historiedrive, og spelaren må samla inn ulike kort for å byggja ein kortstokk som rustar han til å kjempa mot fiendar og utfordringar.

Sidan handlinga i spelet er lagd til ein liten stad, fall det naturleg for Kirkebø-brørne å laga spelet på nynorsk, fortel Kay Arne. Det forsterkar opplevinga, meiner han.

– Det var eigentleg ikkje noko me diskuterte. Det er jo språket me er vaksne opp med. Eg kjende at det passa betre, reint historiemessig, til ein liten plass.

KJENNER SEG ATT I SPELUNIVERSET

Andre spel i same sjanger går ofte føre seg i ei fantasiverd med magi og drakar eller i eit framtidsunivers. «Skogdal» skil seg frå mengda:

– Me ville gjera det meir i samtida, seier Kay Arne.

Kjensla av å veksa opp på ein liten plass, på både godt og vondt, har inspirert han i teikneprosessen. Det har også fengt spelarane: I Skogdal finst det slitne bygningar, graffiti, ufine kråker og rusproblem.

– Me har høyrt frå folk som har vakse opp på mindre stader rundt om i landet, at dei kan kjenna att kulturen og estetikken. Det er litt morosamt, fortel Kay Arne.

TERNINGKAST 6

Spelet har hausta gode tilbakemeldingar frå spelkritikarar. NRK trilla ein seksar på terningen og peika ut spelet som kandidat til kåringa av Noregs beste nye spel. Spelfellesskapet Nerdelandslaget kalla spelet eit meisterverk, både fordi alt er teikna for hand, og fordi spelet har driv og er vanskeleg å avslutta.

Biletkunstnaren fortel at tilbakemeldinga på språkvalet har vore positiv, og han meiner at fleire kunne nytta språket som verkemiddel i spelutvikling:

– Eg ville absolutt brukt nynorsk som ein ressurs for å skapa skilnadar mellom stader og folk, for å visa ein variasjon i kultur og i språk. Og det som har vore litt morosamt og fint, er at nynorskentusiastar verkeleg har likt spelet og komme med velmeinte råd og korrektur gjennom Discorden. Det har vore til stor hjelp!

Det finst langt færre medie- og underhaldningstilbod for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar. Ved å la nynorsken vera berebjelke i spelet har Førde-brørne gjort noko litt uvanleg i den norske spelbransjen:

– Det kan henda me banar litt veg no, då. Det er jo ei kul greie å smykka seg med, seier Kay Arne.

Teksten er ei forkorta utgåve av ein artikkel i Språknytt nr. 6/2025.

Lågare tekstarhonorar og meir KI:

– Uakseptabelt for tekstarane

Foto: Marianne Karlsen

I oktober vart tv-tekstarar som søkjer oppdrag hos NRK, varsla om endringar i arbeidsvilkåra. I ein prøveperiode skal NRK innføre to nye oppdragstypar: maskinomsett teksting og maskingenerert teksting, skriv Klassekampen.

Dette betyr i praksis at tekstarane skal behandle tekst som er omsett ved hjelp av KI. Honorarsatsane NRK tilbyr for slike oppdrag, ligg på godt og vel ein tredel av honoraret for fullteksting.

– Tekstarane er bekymra for at timelønna i praksis blir lågare, og at dei skal måtte levere eit dårlegare produkt, seier **Morten Gottschalk** (biletet) i Norsk audiovisuell omsetjarforeining (Navio).

Gottschalk meiner det er uakseptabelt at tekstarane må ta den økonomiske risikoen i prøveperioden:

– Det naturlege ville vore at ein i prøvetida tek betalt som normalt og evaluerer i slutten av perioden, seier han.

Redaksjonssjef **Tor Sigbjørn Pundsnes** i NRK meiner det er naturleg at honorara blir reduserte:

– Ein bruker ein tredel av arbeidstida, og då er det naturleg at det blir reflektert i honoraret, seier Pundsnes. (NPK)

INTERVJU

Nynorsk mot algoritmane: – Mission impossible, sa far min

Som redaktør i Norsk Barneblad har **Nana Rise-Lynum** tatt opp kampen mot skrolleprodukt og diktatorar med nynorsk og papir. Etter 27 år er ho klar for å gi stafettpinnen vidare.

– Norsk Barneblad er meir enn berre ein jobb, det er ein livsstil og eit oppdrag. Mission impossible, som far min sa då eg tok jobben, seier redaktør Nana Rise-Lynum.

Ein gong i månaden dumpar bladet ned i postkassa til om lag 3500 leselystne norske barn, kvart nummer med eit nytt tema å dykke ned i. Sidan 1999 har Rise-Lynum vore einaste tilsette i Norsk Barneblad. Men det er ikkje einstydande med at det har vore einsamt.

– Eg snakkar med alle, er med i styre og stell og styrer på. Alle rundt meg må også forhalde seg til Norsk Barneblad, enten dei vil det eller ikkje.

Men frå mai får dei fred, for då tar redaktøren fatt på pensjonisttilværet.

LA NED SKROLLEPRODUKT

Ifølge Guinness rekordbok kjem det eldste barnemagasinet i verda frå Russland og har komme ut sidan 1924. Men det er ingenting jamført med Norsk Barneblad, som kom ut første gong i 1887.

Gjennom Rise-Lynums tid som redaktør har dei aller

Foto: Ingrid Aas

I 2024 fekk Nana Rise-Lynum Målprisen av Noregs Mållag. her saman med Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag. Foto: Kristianne Marøy

fleste tekstprodukt enda opp på nett, men ho har komme ut på andre sida med berre papir i handa. No trur ho skjermtrenden i samfunnet er i ferd med å snu.

– Vi vil ikkje at barna skal sitte med skjerm heile tida, for du les på ein heilt annan måte på papir. Vi hadde eit forsøk med å ha bladet tilgjengeleg som skrolleprodukt, men vi slutta med det etter eit år. Barna hugsa jo ingenting av det dei las.

Trass i at digitalt innhald etter kvart har gitt 138-åringen hard konkurranse om merksemda til norske barn, er ikkje Rise-Lynum med på at bladet har blitt overflødig.

– Vi er redaktørstyrte, og du kan stole på at det Norsk Barneblad skriv, er sant. Barn som får all informasjonen sin frå sosiale medium, får så mykje feilinformasjon. Det er ei heil verd der ute som barn treng hjelp til å komme inn i, som dei ikkje får av algoritmane som berre dyttar dei ned i eit eller anna hòl.

KORLEIS ØYDELEGGE EIT DEMOKRATI

Oktoberutgåva handla om blekksprutar – av den enkle grunn at Nana Rise-Lynum elskar blekksprutar. Men trass i at målgruppa er mellom 7 og 14 år, er ikkje redaktøren redd for å gyve laus på vaksne tema. Eit anna nummer tar for seg Donald Trump og falske nyheiter.

– Vi laga òg eit blad om demokrati med tanke på Trump, med ei eiga teikneserie-stripe om korleis ein øydelegg eit demokrati. Den er eg veldig nøgd med.

I 2021 fekk det nynorske barnebladet prisen for beste design frå Norsk tidsskriftforening. Rise-Lynum fortel at designar Aina Griffin har ei stor rolle i å forme bladet – også med idear og innhald. Så samansveisa har dei vore at Griffin no følger Rise-Lynum ut døra.

– Nana og eg har jobba veldig tett og hatt det veldig moro, men det er tid for nye krefter. For lesarane er det ein kjent og kjær figur som forsvinn, seier ho.

MANAR TIL AKSJON

I fjor blei Rise-Lynum også hylla med Målprisen, den høgste utmerkinga Noregs Mållag deler ut.

«Å lage eit slikt kvalitetsblad for born og unge innanfor så tronge økonomiske rammer og med så få ressursar, fortener merksemd», sa mållagsleiar Peder Lofnes Hauge den gongen.

For etterfølgaren hennar blir dei største utfordringane økonomiske, trur Rise-Lynum, som har merka prisveksten godt. No ber ho om ein aksjon for å halde økonomien gåande. Til jul ønsker ho seg helst 300 nye lesarar.

– Til alle som skal kjøpe julegåve til eit barn mellom 7 og 14 år, kjøp Norsk Barneblad, så skal eg love at barnet i tillegg til eit godt blad skal få julehefta «Tuss og troll» og «Smørbukk» gratis med helsing frå oss.

SAKNAR POSITIV DISKRIMINERING

Då ho tok jobben i 1999, viste ho ikkje heilt kva ho ville gjere med bladet. Det veit ho no.

– Når eg ser tilbake, tok det nokre år før eg forstod korleis eg skulle lage blad. Så tok det endå nokre år før eg forstod kva slags blad eg ville lage. Eg er aller mest interessert i sakprosa og fakta, så det har blitt litt som Illustrert Vitenskap, det er mi greie.

Men nokre råd til etterfølgaren vil ho ikkje komme med.

– Det finst ingen fasit eller to strekar under svaret her. Det å lage eit godt blad klarer mange, men å samtidig få heile økonomien til å gå rundt er litt tøffare, seier ho og kjem med eit hjartesukk.

– Det står i språklova at nynorske barn skal diskriminerast positivt. Opplever dei det? Ikkje i det heile tatt.

– Kva skal du bruke tida til som pensjonist?

– Det første eg skal gjere, er ingenting. Eg skal gå tur med hunden og ikkje stort anna. Når eg gir meg i mai, har eg vore her i 27 år. Då har eg gjort det eg skal.

KENNETH SJØVOLD / NPK

Foto: Heajastallan produksjon / NRK

Ny samisk dramasatsing

«Heajastallan – Bryllupsfesten» blir den nye store samiske dramaserien for NRK. Premieredatoen er sett til 1. januar.

NRK omtalar nysatsinga som ein rå og morosam dramaserie, og serieskapar **Åse Kathrin Vuolab** følgjer opp:

– Eg vil at publikum skal sjå serien og le av korleis vi oppfører oss når vi ikkje er på vårt beste.

Vuolab er sjølv samisk, og det same er alle hovudrolleinnehavarane. Vuolab kallar serien ei kjærleikserklæring til Kautokeino og bryllaupstradisjonane der:

– Eg ønskte å bruke det spektakulære og vakre samiske bryllaupet som ei ramme for å fortelje om kompliserte og såre familierelasjonar og dessutan reaksjonar og kjensler som alle kan kjenne seg att i.

STOLT KRINGKASTINGSSJEF

– Samisk språk og kultur er ein viktig del av samfunnsoppdraget til NRK. Vi er svært stolte over å kunne presentere ein dramaserie som både utfordrar og underheld – på nordsamisk, norsk og engelsk, seier kringkastingssjef **Vibeke Fürst Haugen**.

Serien hadde verdspremiere på den prestisjefylte Toronto International Film Festival (TIFF) i september:

– Det viser at samiske historier har internasjonal kraft og universell relevans, seier kringkastingssjefen. (NTB/NPK)

Kringkastingsprisen – ver med og nominer kandidatar!

Foto: Frode Hoff / TV 2

Kringkastingsprisen har vore utdelt av Kringkastingsringen sidan 1978. No er det tid for å nominere kandidatar til prisen for 2025.

Prisen går til ei røyst i eteren som har utmerkt seg med godt radio-, tv- eller podkastspråk, og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet. Alle medlemmer av Kringkastingsringen kan nominere kandidatar. Overrekkinga skjer vinteren 2026. Vinnaren får diplom og eit flott kunstverk.

Sist var det TV 2-journalist Ingrid Halstensen (biletet) som fekk prisen. På kringkastingsringen.no finn du ei liste over alle tidlegare vinnarar.

Vil du nominere din favoritt til prisen, sender du namnet på kandidaten til post@kringkastingsringen.no. Hugs ei kort grunngjeving!

Fristen for å nominere kandidatar er 9. januar.

Kva med å gje medlemskap i julegåve?

Kringkastingsringen fyller 70 år i år, og vi har hatt medlemsvekst dei to siste åra. Vi vil gjerne bli endå fleire, og då treng vi di hjelp! Snakk med familie og venner om å bli med i Kringkastingsringen – eller kanskje du vil gje medlemskap i julegåve? Alle som melder seg inn og betalar medlemspengar no i desember, får gyldig medlemskap ut 2026.

I tillegg til dei ettertrakta koppane våre har vi handlenett og kapsar, og både vervarar og nye medlemmer kan velje seg ei slik gåve.

Det er lett å melde seg inn! På **kringkastingsringen.no/medlem** ligg det eit kort skjema.

PÅ SAMETID i fjor tipsa vi i denne spalta lesarane våre om å finne fram til Herborg Kråkevik i NRK TV-appen, for det er vel vanskeleg å tenkje seg noko meir julete enn Herborg i ei tømmerstove med levande lys? Men no har vi jammen funne ein verdig konkurrent i NRK Radio-appen; leit fram programmet «Julekonsert med Odd Nordstoga» frå 2016!

ODD MUSISERER og kåserer, og med seg har han både trekkspelet og Det Norske Kammerorkester. Både klassiske og litt mindre kjende julesongar står på programmet, dei fleste sjølvsagt i nynorsk språkdrakt. Undervegs set trompetist Mathias Eick ein ekstra spiss på julemusikken, for som Odd seier: «Det er jo ganske høgtideleg, og då må ein ha trompet!»

EIT AV HØGDEPUNKTA kjem i lag med ein annan gjest. Odd har med seg visesongarkollega Frida Ånnevik på ein særs vakker versjon av «Det hev ei rose sprunge». Høgtid!

DEN SONGEN var det Peter Hognestad som omsette frå tysk til nynorsk, men ein endå større nynorsk salmediktar får òg fortent heider i programmet. Odd spør nemleg: «Kvifor beskytte når du kan vara? Kvifor dra når du kan fara? Og er fint så flott som fagert?» Det er sjølvsagt Elias Blix han vil hylle med desse orda, som innleiing til songen «Upp gledjest alle».

UNN DEG ein liten time i godstolen med Odd og vennene hans! God jul!

AKSEL TORSNES MEHLUM

KVISS

1. Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar gjekk i år til to avismenn. I kva avis arbeider dei?

2. I fjor gjekk denne prisen til Ingvild Bryn. I kva år vart ho tilsett i NRK?

3. Norsk skogfinsk museum hadde nyleg offisiell opning av det nye hovudbygget sitt. Kva heiter staden (som ligg i Grue kommune)?

4. Tidlegare NRK-journalist Ingunn Solheim (biletet) har slutta i media. For kva statleg embete arbeider ho no?

5. Kva heiter rogalendingen som saman med Desta Marie Beeder skal leie julesendingane på TV 2?

6. Kva heiter lokalavisa for Hustadvika i Møre og Romsdal?

Foto: Carl-Fredrik Hammersland

Løysing kryssord 3/25

Vi fekk inn mange rette svar på kryssordet sist, og løysingssetninga såg slik ut:

SPRÅKRÅDET OG LNK YNSKJER SEG MEIR NYNORSK PÅ KINO

Dei tre som har fått ein fin premie i posten, er:
Gunder Runde, Ulsteinvik
Agnar Kleppe, Ulvik
Olav Haraldseid, Oslo

Kringom gratulerer!



1: Hallingdølen / 2: 1984 / 3: Svullrya / 4: Regjeringsadvokaten / 5: Espen Fiveland / 6: Hustadvikingen

KRYSS -ORD

EINAR SØREIDE

I dette kryssordet heidrar vi ein nynorskbauta som snart pensjonerer seg. Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, pb. 2987 Tøyen, 0608 Oslo, eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no, og bli med i trekkinga av fine premiar. Hugs å sende med namn, postadresse og mobilnummer. Frist: 15. januar. Lykke til!

Foto: Kenneth Sjøvold / NPK

MYNT / BIBELSK PREST
X
MANN
GREV
KRINGKASTINGS-PRISVINNAR 1983 / HJELP
AVKOM
MORENE / UJAMN
BØKER
MØRTEL / KJEPP
VENT
FRAUS
I VEST-FOLD / FISK
MEINER / AVKOM
FISKE-REISKAP
NABOAR / FROST
FLAGG
FISK / NABOAR
BLOMST-ER-STAND
TIDL. NRK TV-PROGR.
NRK DRAMA-SERIE
FISKE / EUR. ELV
AS. ELV
ADEL / AM. INNSJØ
BLOME / VRANG
TUSEN-DELS LITER
INSEKT / FUGLEN
HEITER OFTE DAGROS
TEATER
FALL / ØYSTAT
KLASSE / FELL
LIKE / FLÅTE
TULLING
SESONG-ARBEID-AR
KRONO-METER-ET
PRO-NOMEN
SYNG OM VINSJAN PÅ KAIA
KLOVN / SVELL
SLAGA / HENTE
DESS-ERT
GULL-MYNTEN
PRON. / DRIV
TØRKA FRUKT / SKISSE
I DAG
KEISAR / ANTI-LOPE
STABLE / FØR AMT
PLAGAR / ELD-STADER
LIKT BEGGE VEGAR / FLATENE
I BAKE-PULVER
LIKE / BIBELSK EMBLA
VARME-KJELDER / KOMM.
BEND / ETUI
LIKE / REIN-SPIKKA
REIN
ANDRE-SORT-ERING
PREP. / EUR. ELV
TRENA / LITE DIKT
RETNING / TO LIKE
FUGL
TORE FOSS
NO. BY / MANN
ORDNE
LIKE
UNEMND
KVINNE
ÅRETS ORD I 2022
STAGGE
FJELL-TOPP
ARGON
TRAVEL PERIODE

Namn, adresse, postnummer og mobilnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

NOREG P. P.
posten

KRING-
KASTINGS-
RINGEN